



MØTEBOK

Tidspunkt: Måndag 3 februar klokka 1800

Stad: Akademiet

Desse møtte:

Jarle Nordjordet, Marit Jortveit, Halvor Fehn, Marit Kåsa, Tor Aage Dale, Ane Killingtveit

Meldt forfall: Ingen

Andre til stades på møtet:

Sveinung Olsnes, sekretær

Hilde Hovden, Arvid Juvland og Svein Loftsgarden (vararepresentantar)

Saker til styremøtet:

Sak 01/20: Referat og meldingar

Sak 02/20: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2019

Sak 03/20: Orientering om økonomi

Sak 04/20: Regulering av prisar for 2020

Sak 05/20: Budsjett for 2020

Sak 06/20: Fullmakt frå Vinje kommune

Sak 07/20: Reinsjakta 2020

Sak 08/20: Rjupejakt 2020

Sak 09/20: Orientering frå sekretær

Sak 10/20: Brannvern fjellstyrehytter

Sak 11/20: Val av vararepresentant til styret i FHAs

Sak 12/20: Godtgjering til styret

Sak 13/20: Eventuelt

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet

Marit Jortveit/s/ Jarle Nordjordet/s/ Halvor Fehn/s/

Marit Kåsa/s/ Tor Aage Dale /s/ Ane Killingtveit/s/

Sak 01/20: Referat og meldingar

Saksdokument:

2019.10.24.035.0.Vinje kommune- søknad om uthus Kostveit
2019.10.24.035.0.Vinje kommune- søknad om uthus Saltpytt
2019.10.28.035.0.Statskog-Løyve til uthusutedo ved Kostveithytta
2019.10.28.035.0.Statskog-Løyve uthusutedo ved Salpytthytta(1)
2019.12.16.001.5.Villreinutvalet-Uttale til planer om Nye Mogen turisthytte
2019.12.19.001.1.Mdir-Kvalitetsnorm villrein - Høringsnotat november 2019
2019.12.19.035.0-Vinje kommune-ferdigattest naust Kostveit
2020.01.08.035.0-Tilsynsutvalet Telemark-Klage på vedtak om bygging av uthus
2020.01.08.035.0-Tilsynsutvalet Telemark-vedtak uthus Kostveitvatnet

Saksutgreiing:

Forslag til vedak:

Referat:

Gjennomgang av sekretær. Styret hadde ikkje merknader.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 02/20: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2019

Saksdokument:

Rekneskap for 2019
Balanse 2019
Årsmelding 2019
Uttale frå leiinga til Telemark kommunerevisjon

Saksutgreiing:

Rekneskapen for 2019 syner eit overskot på kr 112 349. Budsjettet for 2019 var gjort opp med 50 350,- i pluss. Årsaken til større overskot enn budsjettet er auka inntekter på sal av reinskort og noko lågare kostnader.

Rekneskapen er sendt til revisjon, men er ikkje kome attende her enno. Rekneskapen må godkjennast med atterhald om godkjenning frå revisor.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:



Gjennomgang av rekneskapen og årsmeldinga ved sekretær. Styret hadde ikkje merknader til framlagd rekneskap og årsmelding.

Vedtak:

Rauland Fjellstyre godkjenner rekneskapen og årsmeldinga for 2019 som framlagt under møtet.

Samrøystes

Sak 03/20: Orientering om økonomi

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Økonomien til Rauland FS har ein nøye samanheng med kvotestorleiken på villrein på Hardangervidda. Det har og vore avgjerande for økonomien at ein har hatt avtaler med Ulvik Fjellstyre om kjøp/overføring av kort som kan selgjast til utanbygds. Det er her overskotet og investeringsmidlane til Rauland FS har lege.

Slik det ser ut no er det mykje som tydar på at me går inn i ein periode med relativt låge kvotar.

Fjellstyret har tidlegare vedteke å ha ein god buffer for å takle år med lågare inntekter og har i dag oppnådd dette. Det er svært få kostnader som er justerbare for fjellstyret då drifta allereie er svært nøktern.

Det vil derfor vere inntektssida som bør justerast. Rauland FS bør justere prisar i tråd med kostnadsutviklinga elles i samfunnet. Konsumprisindeks vil vere ein måte å regulere prisar på som kan spegle dette.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved sekretær

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 04/20: Regulering av prisar for 2020

Saksdokument:

Gjeldande prisar

Prisrammer, forskrifta

Saksutgreiing:

Hytteleige:



Hytteleiga er i dag 200,- for utanbygds og 100,- for innanbygds. Gjeldande prisar vart vedtekne i 2018 og vart då oppjustert frå hhv 150,- og 50,-.

Dersom ein skulle auka prisane med KPI frå 2018 og til i dag så ville prisen vorte hhv 212,- og 106,-.

Sakshandsamar vurdere det til å vere fornuftig å vente med å auke prisane på overnatting nokre år til prisane, justert for KPI, når eit høgare nivå enn no.

Fiske:

Her er det forskrift om jakt, felling, fangst og fiske som er førande for prissetjinga.

Direktoratet fastset maksprisar for kva ein kan ta for fiskekort på Statsallmenning. Pristaket for innlandsfiske er fram til 2021:

Dagskort: 100,-

Vekekort: 350,-

Sesongkort: 700,-

I dag er Rauland FS med på fellesordning saman med Vinje HG. Her kostar årskort 500 og 10 dagarskort 250.

I dag har Rauland FS desse prisane: dagskort: 100,- vekekort: 250,- og årskort 500,-. I utgangspunktet meiner sakshandsamar det ville vere fornuftig å nytte pristaket på fiskekort, men ein bør harmonisere prisane mot fellesfiskekortet. Det vil vere rart om fiske på Rauland SA skulle vere dyrare enn fellesfiskekortet. Ein vil derfor tilrå at prisen på fiskekort vert uendra.

Fjellstyret har tidlegare vedteke at innanbygds kan fiske med 5 garn med fri maskevidde dersom dei betalar for overnatting på hyttene.

Fjellstyret bør ta stilling til om innanbygdsbuande også skal har rett til stongfiske dersom dei betalar for overnatting på hyttene.

Fjellstyret bør i denne samanhengen tenke på kor lett dette vil bli å kontrollere. Ein ting er garnfiske, som for ein stor del føregår i nærleiken av ei hytte. Stongfisket føregår overalt og vil då verte veldig vanskeleg å kontrollere.

Dersom det er eit mål frå Fjellstyret si side å stimulere til auka garnfiske kan ei vidareføring av garnfiske for innanbygdsbuande ved betaling av hytteleige vere fornuftig. Sakshandsamar vil likevel tilrå at stongfiske for innanbygds skal vere tillete mot løysing av fiskekort og at dette også gjeld for garnfiske med inntil 5 garn.

Småviltjakt:

Gjeldande prisrammer i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske.

Dagskort: 250,-

5 dagarskort: 1000,-

Vekekort: 1400,-

Sesong: 2300,-



Rauland FS sine gjeldande prisar:

Dagskort: 250,-

Vekekort: 1400,-

Sesong: 2300,-

Her set forskrifta rammer for kva for korttype som må tilbys. Dette er dagskort, vekekort (5 eller 7 dagar) og sesongkort.

Sakshandsamar tilrår å halde fram med same type kortfordeling og halde prisane på pristak som tidlegare.

Halv pris for innanbygds.

Villreinjakt:

Gjeldande prisrammer for utanbygds er:

Fritt dyr: 6500,-

Simle/Ungdyr: 3400,-

Kalv: 1600,-

Dagens prisar:

Fritt dyr: 4800,-

Simle/Ungdyr: 3200,-

Kalv: 1200,-

Prisane har vore uendra i 2 år.

Sakshandsamar tilrår å halde fram med prisane inneverande år og ta dette opp til ny vurdering om 1-2 år.

Halv pris for innanbygds.

Framlegg til vedtak:

Rauland Fjellstyre fastset nye prisar frå og med sesongen 2020 i tråd med forslag i saksutgreiing.

Referat:

Gjennomgang av sekretær. Det vart ikkje ordskifte i saka og styret stiller seg bak ei vidareføring av prisar i tråd med saksutgreiing.

Vedtak:

Rauland Fjellstyre vidarefører gjeldande prisar for 2020.

Samrøystes

Sak 05/20: Budsjett for 2020

Saksdokument:

Budsjett for 2020



Saksutgreiing:

Budsjettet er lagt fram med føresetnad om opning av småviltjakt og prisar i tråd med forslag i sak 04/20. Det er budsjettert inntekter for sal av reinskort på eit nivå med kvote på 3000 dyr.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang av sekretær. Styret hadde ikkje merknader til budsjettet.

Vedtak:

Framlagd budsjett for 2020 vert samrøystes vedteke.

Sak 06/20: Fullmakt Vinje kommune

Saksdokument:

Orientering på møtet

Saksutgreiing:

I sak 24/12 vart det gjort eit vedtak som sa at Rauland FS ynskte fullmakt frå kommunen til å avgjere jakt og fiskesaker utan å høyre kommunen i desse sakene. Denne fullmakta vart gjeve av Vinje kommune i eige vedtak i plan og miljøutvalet.

Sidan ein no går inn i ny periode i kommunestyret vil det vere ryddig av fjellstyret å hente inn ei ny fullmakt frå det nye kommunestyret.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret sender førespurnad til Vinje kommune om fortsatt fullmakt til å avgjere jakt og fiskesaker utan å høyre kommunen.

Referat:

Gjennomgang av sekretær. Orientering om kvifor fjellstyret har hatt denne ordninga.

Vedtak:

Fjellstyret sender førespurnad til Vinje kommune om fortsatt fullmakt til å avgjere jakt og fiskesaker utan å høyre kommunen.

Sak 07/20: Reinsjakta 2020

Saksdokument:**Saksutgreiing:**

Det er mykje som tyder på at ein i inneverande år vil få mykje lågare kvote enn det har vore dei seiste åra. Fotroteutbrotet ein no har på Hardangervidda har i praksis teke livet av opp mot



1000 dyr i perioden frå kalveteljing og fram til strukturteljing i oktober. Ingen veit kva som har skjedd etterpå....

Det er på det reine at oppsynet i vinter har observert uvanleg mange halte dyr i flokkane. I tillegg er det spor etter mykje enkeltdyr, noko som og kan tyde på at dei ikkje er heilt friske. Ein er inne i ein fase der det er ynskjeleg å få meir informasjon om tilstanden i flokkane og dette vil bli jobba med utover vinteren. Situasjonen er derfor ikkje god med tanke på at det er ynskjeleg med høgt uttak av dyr for å friskmelde Hardangervidda for CWD, samstundes som ein ikkje har tilvekst å ta av. Kva forvaltninga kjem til å gjere i denne situasjonen er vanskeleg å føresjå.

Sakshandsamar vil derfor tilrå at ein utset saka og tek dette opp til vurdering på eit eige møte. Vårmøtet for Hardangervidda er 28 mars. Kvotefastsetting bør vere klar rundt denne tida.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret utset saka til neste møte.

Referat:

Orientering ved sekretær. Styret delar oppfatninga om at ein bør vente med å vedta ordningar for jakta 2020 til ein veit meir om kvotestorleik og samansetning av denne.

Vedtak:

Fjellstyret utset saka til neste møte

Sak 08/20: Rjupejakt 2020

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Etter fleire år med dårleg bestand av rjupe opna fjellstyret for eit avgrensa sal kort frå og med hausten 2018. Takseringar andre stader på vidda har hatt ei positiv utvikling, men det kan tyde på at det var noko nedgang i produksjon i 2019. Spesielt vart fjellfuglen hardt råka av kulde og snø i den mest kritiske perioden for kyllingane. Det er ikkje moegeleg å spå korleis årets produksjon vil bli. Dette avheng av veret komande vår.

Sakshandsamar vil tilrå at Rauland Fjellstyre i utgangspunktet opnar for tilsvarende jakt som i 2019 med same reglar og reguleringar med ei viktig endring. For at Fjellstyret skal kunne vurdere verknaden av årets produksjon (i hovudsak veret i den mest kritiske perioden) vil det vere moegeleg å utsette tidspunktet for opning av sal av kort. Då vil ein vite noko meir om korleis produksjonen har vore. Dersom ein utset avgjerda om å opne for jakt til 1 august vil ein vite noko om korleis våren/produksjonen har vore. Ein kan og velje å vente lenger med opning til takseringsresultat frå andre fjellstyre på HV føreligg. Dette vil seie noko om trend i produksjon av lifugl, men mindre om fjellfugl.

I tillegg til dette har Fjellstyret, som eit føre var prinsipp, lagt jaktstart seinare enn jakttdsramma for å avgrense uttaket av fugl. Det er og lagt inn avgrensingar på talet på jegerar som kan jakte til ein kvar tid.

Framlegg til vedtak:



Ingen

Referat:

Orientering ved sekretær.

Halvor Fehn: meiner ein bør kunne forsvare opning av tilsvarande sal av kort som tidlegare sidan dette er svært avgrensa sal.

Marit Kåsa: einig med Halvor Fehn, men ynskjer jaktstart 1 oktober for å avgrense ytterlegare.

Jarle Nordjordet: einig i dette og ynskjer elles å vidareføre alle andre avgrensingar og reglar.

Tor Aage Dale: stiller seg bak forslaga.

Marit Kåsa: minner om at det har kome fram ynskje om smårovviltkort og at ein må prøve å få til dette.

Det vert diskusjon i styret om å inføre smårovviltkort og at dette bør gjerast. Sekretær orienterar om denne ordninga i andre fjellstyre. Styret ynskjer å tilby dette og vil ta ein symbolsk pris på kr 60,- for kortet.

Styret samlar seg om ei vidareføring av dei reglane og avgrensingane for rjupejakta som var i 2019, men med utsett jaktstart til 1 oktober. Fjellstyret ynskjer å vidareføre desse avgrensingane for å ha eit lite uttak av fugl og vere på den sikre sida ift bestandssituasjonen. Styret stiller seg bak vurderingane om at det er ein usikker situasjon mht kor mykje jakt ein kan tilrå, men meiner det er forsvarleg å opne for jakt i så avgrensa omfang som det her vert lagt opp til.

Vedtak:

Rauland Fjellstyre opnar for rjupejakt i 2020 med desse avgrensingane:

- Jakttid 1 oktober til 28 februar 2021
- Maks tre ryper pr dag/jeger
- Det seljast 15 vekekort fyrste veke
- Det seljast 15 vekekort andre veke
- Det opnast for sal av 15 dagskort pr dag etter dei to fyrste veken
- Det leggst ut 4 årskort for sal frå 1 oktober.
- Det skal ikkje nyttast hund under jakt på Rauland SA

Rauland Fjellstyre legg ut smårovviltkort med jakt på raudrev, røyskatt, mink, kråke og ravn som skal gjelde frå 15.07 tom 15.04 kvart år. Jakttida justerast med dei til ein kvar tid gjeldande jakttider for desse artane.

Rjupejakta leggst ut for sal 1 april.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 23

Samrøystes



Sak 09/20: Orientering frå sekretær

Saksdokument:

Saksutgreiing:

- Lovutval
- Byggesaker
- Fjellrev
- Nytt frå dei andre fjellstyra på HV.
- Organsiering av Fjellstyra på Hardangervidda, orientering for nye medlemmer

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved sekretær

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 10/20: Brannvern fjellstyrehusvere

Saksdokument:

Brannteknisk dokumentasjon for Rauland Fjellstyre
Leggast fram på møtet

Saksutgreiing:

FH har tidlegare vedteke å lage felles malar for brannvernarbeidet for alle fjellstyra på Hardangervidda. Dette er gjort og det er utarbeidd Brannteknisk dokumentasjon for alle fjellstyrehusvere.

Det er ynskjeleg at fjellstyret tek denne opp til handsaming i dette møtet.

Framlegg til vedtak:

Rauland FS tek orienteringa til vitande og godkjenner framlagde Branntekniske dokumentasjon for Rauland Fjellstyre.

Referat:

Gjennomgang ved sekretær.

Styret har ikkje merknader til framlagde dokumentasjon i saka

Vedtak:

Rauland FS tek orienteringa til vitande og godkjenner framlagde Branntekniske dokumentasjon for Rauland Fjellstyre.



Sak 11/20: Val av vararepresentant til styret i FHas

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Styret i FHas er samansett av alle fjellstyreleiarane i fjellstyra som er aksjonærar i selskapet. Fjellstyra sjølve vel vararepresentant. I føregåande periode er det Tor-Aage Dale som har hatt vervet.

Fjellstyret må velje ny representant for inneverande periode.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Halvor Fehn: kjem med forslag om Tor Aage Dale som vara til styret.

Det kjem ikkje fram andre forslag og styret samlar seg om dette forslaget.

Vedtak:

Tor Aage Dale vert vald som vararepresentant til styret i FH as.

Sak 12/20: Godtgjering til styret

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Godtgjering til styret er heimla i Fjellova § 7. Det er Fjellstyret sjølv som gjer framlegg om kva godtgjeringa skal vere og kommunestyret som godkjenner dette.

Rauland Fjellstyre har i dag ingen godtgjering for interne møte i Fjellstyret. For eksterne møte er det vedteke at ein fylgjer Norges Fjellstyresamband sine satsar.

Desse er for tida 2000,- kr for dagmøte og 680,- for telefonmøte.

For eksterne møte får også dei som representerer Fjellstyret dekt reiseutgifter etter gjeldande satsar i statens reiseregulativ.

Fjellstyret må ta stilling til korleis satsane skal sjå ut for komande periode.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Halvor Fehn: kjem med framlegg om å vidareføre satsar for godtgjering slik dei er i dag.

Det kjem ikkje fram andre forslag og styret samlar seg om framlegget til Halvor Fehn .



Vedtak:

Styret ynskjer å vidareføre satsar for godtgjering slik dei har vore i 2019. Saka vert ikkje oversendt kommunen då dette er ei vidareføring av tidlegare godkjende satsar.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 7

Samrøystes

Sak 13/20: Eventuelt

Saksdokument:**Saksutgreiing:****Framlegg til vedtak:****Referat:**

Det kom ikkje opp saker under eventuelt.

Vedtak: